

Aek.nr. 400.025

MELDING FRÅ FISKERIDIREKTØREN

J. 81/83

FØRESEGNER OM STENGING AV REKETRÅLFELT I BARENTSHAVET OG PÅ
FINNMARKSKYSTEN.

Med heimel i § 1 i Fiskeridepartementet sine føresegner av
7. april 1983 om regulering av rekefisket i Barentshavet har
Fiskeridirektøren 1. juli 1983 fastsett følgjande føresegner:

§ 1

Frå 2. juli kl 1200 og inntil vidare er det forbode å fiska
etter reker med trål innafor eit område frå 71° 45' n.br. til
72° 30' n.br. mellom 25° ø.l. og 31° ø.l.

§ 2

Desse føresegnene trer i kraft straks.
